

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2022

Grunna overgang til nytt sak- og arkivsystem i fylkeskommunen 01.01.22 er ikke saksprotokoll fra hovudutval for næring 10.12.21 fletta inn i møteprotokollen. Det vert vist til at denne ligg vedlagt saksdokumenta.

Anne Gine Hestetun (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i BKK. Hestetun gjekk få under spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Hestetun var inhabil etter fvl. § 6 første ledd bokstav e nr. 2. Hestetun gjekk frå under behandlinga av saka.

Varamedlem **Per Jarle Valvatne (A)** gjekk inn i møtet under behandling av saka medan Hestetun var ute.

Sigrid Brattabø Handegard (SP) sette på vegner av SP, A, V, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ – ny innleiande setning til punkt 1

1. Vestland fylkeskommune er oppteken av at vilkårsrevisjonen sikrar produksjonen av elektrisk energi framover. Vestland fylke treng meir fornybar energi , samtidig som biologisk mangfald må sikrast. Vidare ber Vestland fylke NVE vektleggje dei ulike fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa.»

Terje Søviknes (FRP) sette fram slikt forslag:

«Endring

Punkt 1 i) i innstillinga går ut.

Avrøysting

Innstillinga unnateke punkt 1 innleiande setning og punkt 1 bokstav i) vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk to røyster (FRP) og fall.

Innstillinga punkt 1 i) vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune er oppteken av at vilkårsrevisjonen sikrar produksjonen av elektrisk energi framover. Vestland fylke treng meir fornybar energi , samtidig som biologisk mangfald må sikrast. Vidare ber Vestland fylke NVE vektleggje dei ulike fråsegna frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som er råka av reguleringa.

- a) Det må gjerast tiltak som hindrar smolten i å fylge vasstraumen inn til kraftverka.
- b) Det må sleppast minstevassføring heile året frå Holmura til Hellandsfossen av omsyn til fiskevandringa.
- c) Fisketrappa må vere open heile året for å sikre ei trygg nedvandring for fisken.
- d) Det må gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fisk på vandring opp elva i å bli ståande i kraftverksutlaupet.
- e) Tiltak må gjerast for å hindre tørrlegging av elvestrekninga Helland – Mo.
- f) Det bør gjerast tiltak i elva for å hindre sedimentering av elvebotnen og tiltaka bør ha ein viss frekvens.
- g) Det bør setjast i gong kultiveringstiltak for å ivareta sjøaurestamma i vassdraget.
- h) Det bør gjerast tiltak for å hindre spreiling av artar mellom vassdrag. Overvaking og tiltak for å fjerne ikkje-tilhøyrande artar bør prioriterast.
- i) Modalen kommune ynskjer at temperaturen i Modalsvassdraget skal følgje dei naturlege svingingane gjennom året. I dag kjem kaldt vatn frå botnen av Stølsvatnet som gjer at vatnet i elva er kaldt om sommaren og varmt om vinteren. Tiltak må gjerast for å utbetre dette.
- Regulanter må påleggjast å jamleg utføra klipping og fresing av tilgrødde stader stader i elva.
- Regulanter må etter behov ta ansvaret for å fjerna unaturleg oppsamling av mudder og slam oppstått i samband med reguleringa.
- Det må lagast ein plan for kantvegetasjon, kantrydding og visuell oppleving av vassdraget og fossane.
- Det må lagast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar steingrupper og andre tiltak vert vurdert etter funksjon og behov.
- Det må gjerast målingar i vassdraga for å kartleggje kvar gassovermetting er eit problem og vidare iverksett tiltak for å unngå gassovermetting.

- Ein må gjera tiltak for å få fisketrappa i Hellandsfossen til å fungera slik at ein får laks heilt opp til Steinslandsvatnet slik ein har forutsett med kalking av elva og reetablering av laksestamma.
- 2. Vestland fylkeskommune ber NVE stille krav om at det vert gjort ei kulturminneregistrering i revisjonsområdet. Ei slik registrering vil omfatta kulturminne på land og kulturminne som er neddemt/under vatn.
- 3. Vestland fylkeskommune ber om at laksetrappa og mest mogeleg av det teknisk-industrielle kulturmiljøet knytt til Hellandsfossen vert bevart, og følgt opp konstruktivt i konsesjonsvurderinga til NVE.
- 4. Vestland fylkeskommune ber om at NVE legg til rette for vidare dialog mellom konsesjonshavar og kulturminnemynda for å få avklart kulturminneverdiane i konsesjonsområdet.
- 5. Vi ber om at nye vilkår ikkje er eit hinder for at regulanten kan drive flaumdemping gjennom aktiv regulering før og under store tilsigsepisodar.
- 6. Krav om vedlikehald og offentleg bruk av anleggsvegar i fjellet må vidareførast så langt dette ikkje er i konflikt med omsynet til villreinen. Tida vegane brøyta og er tilgjengelege må sjåast i samanheng med villreinen sin bruk av dei ulike områda. Ev. stenging må skje gjennom adaptiv forvalting der veg kan stengast med bom ved avgjerande periodar for aktivitetene til villreinen. Vegen skal likevel vedlikehaldast.
- 7. Administrasjonen søker NVE om utsett uttalefrist slik at FUV kan vedta sin høyringsuttale i sitt møte 9.ferbruar 2022. (Etter at kommunestyra i vertskommunane har vedtatt sine høyringsuttalar innan 01.02.2022).
- 8. Administrasjonen ber vertskommunane om å få tilsendt innstillingane frå formannskapa/planutvala til kommunestyra. Desse vert referert i HU for næring 13.januar 2022